

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt endringsforslag til vedtak:

«Nytt pkt. 3: Voss kommune har gjennom eksisterende planer rikelig med areal til fritidsformål. Kommune bør derfor konsentrere seg om de areal som allerede er regulert til fritidsformål.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 6: Det er positivt at planen presenterer mål og tiltak for å få med klimautslipp. Det er også positivt at planens mål, strategi og retningslinjer i stor grad samsvarer med klimaplan for Hordaland. Kommune bør vurderer forskriften med krav om 20% av P-plassene i Voss sentrum blir reservert for el-bil og lagt til rette for normallading.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2, 4 og 5 var samråystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til nytt pkt. 3 var vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (MDG) for Tomren sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til nytt pkt. 6 var vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (MDG) for Tomren sitt forslag som fall.

Vedtak

1. Forslag til Kommuneplan for Voss 2015-2026 er i hovudsak i samsvar med regionale interesser.

Planen er vurdert og er i samsvar med regional politikk for barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, samferdsel, klima og energi, næring, samferdsel, vassforvaltning, vilt og innlandsfisk.

Samfunnssdelen og arealdelen utfyller kvarandre på ein god måte. Det er i hovudsak samsvar mellom samfunnssdelens intensjonar og den konkrete arealbruken i arealdelen. Det er ikkje samsvar når det gjeld omfanget av nye bustader utanfor senterområde. Kommunen har arealstrategiar som byggjer opp under prinsipp om samordna areal -og transportplanlegging. Konsekvensutgreiinga er godt oppbygd og oversiktleg.

2. Det er lagt til rette for utbygging i forhold til forventa vekst og eksisterande ledig areal. Kommunen har lagt til grunn prinsipp om samordna areal og transportplanlegging og vekst i dei områda som ligg nær fellesfunksjonar.

Grunna omsynet til klima og areal og transportplanlegging bør bustadområde som ligg i utkanten av senterområde revurderast. Ein bør vurdere fortetting i sentrum og eksisterande bustadområde før ein legg til rette for vidare utbygging.

- a. Det er lagt til rette for fleire mindre bustadområde som ikkje ligg i tilknyting til senterområde. Kommunen bør redusere omfanget av desse.
- b. Lokaliseringa av følgjande bustadareal er ikkje i samsvar med samordna areal og transportplanlegging:
 - B19 Hellesnes

Det er knytt motsegn til B19 Hellesnes. Fylkeskommunen ynskjer å drøfte desse spørsmåla nærmare med kommunen.

3. Det er positivt at kommunen satsar på turisme og friluftsliv, men utbygging av hytter bør skje i konsentrerte område. Nye område til fritidsbustad som ikkje er knytt til eksisterande hytteområde bur vurderast på nytt.
4. Det er positivt at kommunen har gjennomgått areal for råstoffutvinning. Planen følgjer opp den regionale politikken for råstoffutvinning og forvaltning av mineralressursar på ein god måte.

5. Kommuneplanen legg opp til ein god forvaltning av dei ressursane kommunen har i kulturminne og kulturnæringsmiljø.
 - a. Det er knytt motsegn til arealbruk for området R4 C Hylle og Bjørkemoen grunna konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Motsegna vil kunne trekkast dersom ein gjer naudsynte endringar i planen.
 - b. Det er knytt motsegn til område B19 Hellesnes grunna vesentleg konflikt med automatisk freda kulturminne.